



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Utviklingskomite	12.10.2016	057/16

## Tilråding frå Odda kommune for val av byttepunkt for busser E134 Seljestad/Kløvet

Dokumentnr	Tittel
298741	16_58928-3Følgebrev - Forstudierapport om kollektivknutepunkt på SeljestadKløvet i Odda kommune med vedlegg

### Rådmannens forslag til vedtak:

Utviklingskomiteen meiner Kløvet er den beste plasseringa for nytt kollektivknutepunkt, gitt at finansiering ikkje er avgjerande for gjennomføringa. Derimot, dersom etablering av venterom / varmestue med toalett er primærføremålet, vil Seljestad vere det beste alternativet. Dispensasjon er ikkje kurant som framgangsmåte i dette tilfellet. Det må i begge tilfelle lagast detaljreguleringsplan.

**Rådmannen i Odda, 20.09.2016**

### 12.10.2016 Utviklingskomite

#### Behandling:

Kollbotn (R) roste rask oppfølging. Kva er strategien framover? Pengane til detaljregulering og bygging er Hordaland fylkeskommune sitt ansvar.

#### UTK-057/16 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag vart samr. vedteke.

Vedtaket er :

Utviklingskomiteen meiner Kløvet er den beste plasseringa for nytt kollektivknutepunkt, gitt at finansiering ikkje er avgjerande for gjennomføringa. Derimot, dersom etablering av venterom / varmestue med toalett er primærføremålet, vil Seljestad vere det beste alternativet. Dispensasjon er ikkje kurant som framgangsmåte i dette tilfellet. Det må i begge tilfelle lagast detaljreguleringsplan.

## Saka gjeld:

Det er behov for ei betre løysning for av- og påstigning, og overgang mellom ekspressbussar og lokale bussar i området der E134 over Haukelifjell møter Rv. 13 i området nær Seljestad i Odda kommune.

I Fylkestinget si handsaming av *Handlingsprogram 2016 - 2019 Kollektivstrategi for Hordaland* 08.12.2015 vart følgande vedtatt: «Hordaland fylkesting ber administrasjonen legge fram eit forslag til venterom / varmestue med toalett på trafikk-knutepunktet på Seljestad». Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har vidare motteke ein forstudie om kollektivknutepunkt på Seljestad/Kløvet frå Statens vegvesen region vest.

Statens vegvesen vurderte følgjande moment og samanlikna dei to lokalitetane:

<i>Moment</i>	<i>Seljestad</i>	<i>Kløvet</i>
<i>Trafikksikkerhet internt</i>	Konflikt med trafikk til/fra kontrollstasjonen	God, med enveiskjørt sirkulasjon rundt midt-øy. Mulig liten konflikt mellom busser og parkering.
<i>Trafikksikkerhet eksternt</i>	Ikke-kanalisert avkjørsel fra E134 (ÅDT=2080).	Fullkanalisert kryss med høyresvingefelt på E134. Krysset med Rv. 13 (ÅDT=1900) kanaliseres i planen.
<i>Anleggsperiode</i>	Komplisert ift. samtidig drift av kontrollstasjonen	Uhindret anleggsperiode for selve plassen
<i>Framkommelighet/tilgjengelighet</i>	Også tunge/lange kjøretøy	Forbeholdt buss, pluss liten parkering for personbiler
<i>Fasiliteter/tilbud</i>	Venterom/toalett	Venterom/toalett/parkering
<i>Tomkjøring/omvei</i>	Ca. 8 km ekstra kjøring for alle lokalbusser. Stor høydeforskjell.	0,2 km ekstra for ekspressbussar, ellers ingen. (Kan bli ca. 2 km ekstra kjøring i framtidig situasjon)
<i>Landskap</i>	Høye skjæringer mot sør, dvs. >10 meters høyde	Ingen skjæringer, men mulig muring ved utvidelse av Rv. 13.
<i>Fremtidig funksjon</i>	Lang «holdbarhet»	Ny KDP kan gjøre lokaliseringen noe mindre ideell
<i>Kostnader</i>	3,6 mill.kr. ++	6,7 mill.kr.

Figur 1: Samanlikning, Statens vegvesen

I forstudie er tilrådinga å leggja knutepunktet til Kløvet (figur 2), dette fordi:

- Trafikktryggleiksmessig den beste løysinga fordi ein her unngår å blanda kontrollstasjon og kollektivknutepunkt.
- Fullkanalisert avkjøring for ekspressbussane frå E134
- Ein har eit større areal til rådvelde slik at det er mogleg å etablere parkeringsplassar og eige






Dette er tiltak langs riksveg og realisering er avhengig av statlig finansiering ved at tiltaket kjem inn i handlingsprogrammet til NTP. Det er for inneverande periode i NTP avsett 0,5 mill. kr til «Knutepunkt Seljestad» med behov for 5 mill. kr etter 2017. Finansiering må avklarast mellom fylket, vegvesenet og kommunen tidleg i prosessen. Ein framgangsmåte som kan sikra tidleg gjennomføring er ein finansieringsmodell der kommunen går inn og forskotterer for staten.

Statens vegvesen meiner det er mogleg å bygge ut eit kollektivknutepunkt ved Kløvet utan reguleringsplan, men at Odda kommune i så tilfelle må gi dispensasjon til dette. Arealet er del av den private eigedomen 37/1. Grunnen må ervervast. Arealet er delvis fleksibelt for tilpassingar, særleg mot aust.

Søk i NVE Atlas syner at området har avrenning til Opo m/ Låtefoss (Verneplan for Vassdrag) og er del av omsynssonene snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred.



Figur 4: Utdrag markeringar i NVE Atlas

### **Vurdering /drøfting:**

Rådmannen har sett nærare på saka, kontakta Skyss og Hordaland fylkeskommune og varsla at Odda kommune kjem med endeleg tilråding etter vedtak i UTK 12.10.2016.

### **Kløvet er den beste plasseringa for eit nytt kollektivknutepunkt**

Odda kommune er einig i konklusjonen til Statens vegvesen, og meiner at Kløvet er den beste plasseringa for ei betre løysning for av- og påstigning og overgang mellom ekspressbussar og lokale bussar i området der E134 over Haukelifjell møter Rv. 13. Utgreiinga frå vegvesenet tar ikkje stilling til forhold som snø og nedbør, handtering av overvatn og brøyting, avfall eller tilgang til vatn og løysing for utslepp. Odda kommune har ikkje infrastruktur for vatn og avløp til området. Dette er problemstillingar og løysingar som må avklarast nærare.

### **Det må lagast detaljreguleringsplan**

I tilfelle der kommune og stat både ønskjer eit tiltak og har ansvar for at forvaltninga av areal skjer etter lova er det viktig å vere tydelig på kva metode som er rett framgangsmåte. Detaljregulering skal nyttast for konkrete bygge- og anleggstiltak og arealendringar, og til å få kommunen sin handsaming av og standpunkt til reguleringsspørsmålet som vert tatt opp i

planarbeidet. Ein planprosess sikrar ein demokratisk avgjerdsprosess og tar i vare aktuelle omsyn og interesser for området. Reguleringsplanar er styringsverktøy og resultat av ein prosess som sikrar informasjon og medverknad og gir føreseielegheit for grunneigarar og tiltakshavarar.

Etter plan- og bygningsloven er detaljregulering først og fremst ein metode for å følgja opp kommuneplanen sin arealdel. Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-område. Ved vesentlige avvik frå kommuneplanen sin arealdel, gjeld krava i PBL § 4-2 (planbeskrivelse og konsekvensutgreiing). I dette tilfellet er det i hovudsak eit vegføremål som skal erstatta eit LNF-føremål. Det nye vegføremålet fjernar eit LNF-område som er innelukka mellom to større veganlegg og er i all hovudsak ikkje føremålstenleg plassert som landbruks-, natur- eller friluftsføremål. Ved oppstart av planarbeidet må det gjerast ei vurdering av kva konsekvensar avviket (endringa av arealføremål) inneber. Ut frå rapporten frå vegvesenet vil ikkje avviket føra til vesentlege verknadar for miljø og samfunn.

#### Dispensasjon er ikkje kurant framgangsmåte

Det er ikkje kurant å vike frå lov eller gjeldande planar utan at dette er grundig eller fagleg grunngjeve. Det vil ikkje vere riktig å nytte dispensasjon som metode for å gjere eit tiltak av denne storleik og omfang. Ei planavklaring vil sikre føreseielegheit for grunneigar og tiltakshavar, avklare aktuelle faresoner, sikre ein god medverknads- og vurderingsprosess og slik ikkje svekka tillita til arealplanlegging som styringsverktøy for konkrete bygge- og anleggstiltak og arealendringar.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

- a. Driftskonsekvensar

Odda kommune skal ikkje drifta kollektivknutepunktet.

- b. Investeringskostnader

Det er for inneverande periode i Nasjonal Transportplan (NTP) avsett 0,5 mill. kr til «Knutepunkt Seljestad» med behov for 5 mill. kr etter 2017.

- c. Finansiering

Finansiering må avklarast mellom fylket, vegvesenet og kommunen tidleg i prosessen. Ein framgangsmåte som kan sikra tidleg gjennomføring er ein finansieringsmodell der kommunen går inn og forskotter for staten.

Utbetring av Seljestad er rimeligare enn ny etablering på Kløvet. Dersom finansiering av prosjektet er avgjerande, vil Seljestad vere det beste alternativet. Dersom etablering av venterom / varmestue med toalett er primærføremålet, vil Seljestad vere det beste alternativet.

#### **Samandrag/ konklusjon:**

Kløvet er den beste plasseringa for nytt kollektivknutepunkt, gitt at finansiering ikkje er avgjerande for gjennomføringa. Derimot, dersom etablering av venterom / varmestue med toalett er primærføremålet, vil Seljestad vere det beste alternativet. Dispensasjon er ikkje kurant som framgangsmåte i dette tilfellet. Det må i begge tilfelle lagast detaljreguleringsplan.

Saka skal ekpederast av: Sakshandsamar  
Særutskrift skal sendast Alle relevante partar

til:

Arkiv